

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 14.12.2015  
Vår ref.: 2015/11990-2  
Saksbehandlar: monsera  
Dykkar ref.: 15/2148 – 15/13883

## **Kulturminnefagleg fråsegn - Landbruksveg - gnr 93 bnr 8 - Radøy kommune**

Viser til brev datert 20.11.2015 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i direkte konflikt med det omsøkte tiltaket, men område ved Fosnstraumen er veldig rik på automatisk freda kulturminne frå steinalder, særleg buplassar frå eldre og yngre steinalder. Potensiale for funn av automatisk freda kulturminne i det aktuelle området vart likevel vurdert å vera lågt. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om moglege funn.

David J. Aasen Sandved  
Konst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*